

Jorunn Dyrkolbotn  
Dyrkolbotn 50  
5994 Vikanes

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klæbering	
03.09.2015	
Ark. nr.	Løpnr.
14/7875	
Behand.	Tilgangstid

Dyrkolbotn 30.08.2015

Lindås Kommune  
Postmottak  
Teknisk Etat / Planavdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### SPØRSMÅL TIL KOMMUNEPLAN TIL LINDÅS KOMMUNE, GBNR 247/11

Underteikna er (rettmessig og tinglyst) heimelshavar til einebustadtomten gbnr 247/11 i Dyrkolbotn. Tomten blei kjøpt i 1972 for kr. 3000,- frå Haldor Dyrkolbotn (dåverande heimelshavar til gbnr 247/2). Den 29.06.15 blei eg av nabo Signhild Dyrkolbotn informert om, at på Signhild sitt initiativ, er deler av min bustadtomt gbnr 247/11, i siste revisjon av kommuneplan, regulert til kloakkutslepp frå Signhild Dyrkolbotn sin eigedom.

Vedlagt er 2 stk dokument som eg er blitt over sendt frå Signhild Dyrkolbotn

Signhild sin påstand var intill 29.06.15, fullstendig ukjent hos underteikna.

Signhild sin påstand overfor underteikna, medfører mange spørsmål frå mi side.

For det første, er påstanden frå Signhild korrekt?

Og i så fall, kvifor er ikkje eg informert?

Om påstanden frå Signhild si side er korrekt, betyr jo dette at ho utan min viten og godkjenning, har teke seg til rette på min eigedom.

Eg er blitt kjent med at Signhild (uriktig) går rundt og forteljar det er ho som er heimelshavar til min bustadtomt gbnr 247/11.

Om Lindås Kommune er blitt forleda om dette, ber om tilbakemelding.

Eg ber med dette også om tilbakemelding frå Lindås Kommune, om kva som har gått føre seg i denne saka.

Og dersom nokon har teke seg til rette på min eigedom mtp reguleringar og anna, ber eg om dette blir retta opp i.

Ber om at tilbakemeldinga frå Lindås Kommune er så sjølvforklarande og fyldestgjerande som råd er.

Med vennleg helsing

*JD*

Jorunn Dyrkolbotn

Heimelshavar til gbnr 247/11

## Andre typar bygningar og anlegg

- 2.58 Føremålet gjeld byggjeområde sett av til andre typar bygningar og anlegg, jf. pbl § 11-7. nr. 1.
- 2.59 Område A2 i Dyrkolbotn skal nyttast til avløpsanlegg. Området er unnateke frå kravet om reguleringsplan. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1 og nr. 5.

## 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 2

- 3.1 Føremålet gjeld hovudinfrastruktur som vegar, sykkelveggar, hamn og trasear for teknisk infrastruktur, jf. pbl § 11-7 nr. 2.
- 3.2 Område P5 og P6 er unnateke frå kravet om reguleringsplan. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.
- 3.3 Nye atkomstveggar i Dyrkolbotn skal opparbeidast som gardsveg og er unnateke krav om reguleringsplan. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.
- 3.4 Nye turstiar i Dyrkolbotn og mellom Hølleland og Sjørneset på Stranda kan opparbeidast som gruslagt sti inntil 1,5 m breidd utan krav om reguleringsplan. Heimel: § 11-10 nr. 1.
- 3.5 Der det går kraftleidningar med 22 kV eller lågare spenningsnivå gjennom byggjeområde skal jordkabel vurderast i samband med regulering og utbygging. Heimel: Pbl § 11-9 nr 6.
- 3.6 Ny gardsveg i Dyrkolbotn må ikkje stengast med bom. For ferdsle langs vegen gjeld reglane i friluftsløva.

## 4 GRØNSTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 3

### Grønstruktur

- 4.1 Føremålet gjeld område sett av til generell grønstruktur, jf. pbl § 11-7 nr. 3.
- 4.2 Område G1, G2 og G3 skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-1 og 20-2 vert tillate. Reguleringsplanen skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder samt terrenghandsaming. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.

### Friområde

- 4.3 Føremålet gjeld område sett av til grønstruktur – friområde, jf. pbl § 11-7 nr. 3.

# KOMMUNEPLAN FOR LINDÅS KOMMUNE - AREALDELING

